**Ein rundtur gjennom Sveio fører ein gjennom eit skiftande landskap med fjell, skog og hei, små og større vatn, lune vikar og holmar ut mot havet, vekslande med eit vakkert kulturlandskap.**

A round trip through Sveio takes you through a varied landscape with mountains, forest and heath, lakes both small and large, quiet inlets and small islands protecting the land against the sea. The natural landscape is complemented by well kept farms and pastures.





*Buavåg.* Foto: Ellen Tveit







Sveio kommune er ei halvøy lengst sør i Hordaland, med landfast grense til kommunane Haugesund og Tysvær. Kommunen har omlag 4600 innbyggjarar, som for det meste bur spreidd i småbygdene. Ein del av busetnaden er òg konsentrert om kommunesentret Sveio. Hovudferdsleåra på Vestlandet - Kyststamvegen - går gjennom kommunen.
Den lange kystlina har alltid gjeve sveibuen ein sterk tilknyting til sjøen. I dag er det lite att av det tradisjonelle kystfisket. No har oppdrett og vidareforedling av fisk teke over. Landbruk er òg ein viktig næringsveg i kommunen.

The municipality of Sveio is located on a peninsula in the very south part of Hordaland and borders the municipalities of Haugesund and Tysvær. Most of the 4600 inhabitants live in the numerous small hamlets although there is a noticeable concentration around Sveio, the community centre. The Coastal Highway, the main route through Western Norway, goes through the community.
The long coastline has always provided ample opportunity for fishing, and the Sveio people are strongly tied to the sea. Today the old coastal fisheries are nearly gone and fish farming and packing is the important industries together with farming.

**Avstander/Distances:**

| | |
|---|---|
| Bergen - Valevåg (inkl. ferje) | 100 km/ 3 timar |
| Haugesund - Sveio sentrum | 17 km |
| Sveio sentrum - Førde | 12 km |
| Valevåg - Buavåg/ferje | 29 km |
| Valevåg - Sveio sentrum | 22 km |

## Reiserute

Frå Bergen følgjer du E39 sørover til Os og Halhjem, ferje til Sandvikvåg (50 min), vidare over Stord til Skjersholmane, ferje til Valevåg (25 min) **(1-2-3-4-5)**. E39 går gjennom heile Sveio kommune, og vidare mot Stavanger.

I Førde **(7)** kan du ta av frå E39 mot Ålfjorden, skilta til Erve, og følgja fylkesvegen forbi Erve og Våga til Fjon. Like sør for Fjon kjem du inn på E39 som du følgjer eit kort stykke sørover. Ta så til høgre inn på veg skilta til Søre-Våge. Følg denne vegen til Rv47 som knyter Haugesund til Kyststamvegen.

Følg Rv47 nordover, og ta til venstre mot Mølstrevåg **(11)** (sjå fottur 14D),

## Route

Go south on E39 from Bergen to Os and Halhjem, take the ferry to Sandvikvåg (50 min.), and then proceed south through Stord to Skjersholmane where you take the ferry to Valevåg (25 min.) **(1-2-3-4-5)**. E39 traverses the entire municipality of Sveio and continues to Stavanger.

In Førde **(7)** you may turn off E39 toward Ålfjorden with signs to Erve. Proceed on the local road (?) past Erve and Våga to Fjon. Just south of Fjon you again enter E39 which takes you southwards a short distance before you turn right to Søre-Våge. Continue on this road to Rv47, which connects Haugesund to the Coastal Highway.

Go north on Rv47 and turn left to Mølstravåg **(11)** (see walk 14B). Return

følg Rv541 til Buavåg (**14**). (Frå Buavåg går det ferje til Langevåg på Bømlo). Frå Buavåg kan du følgja vegen mot kryss skilta til Tjernagel (**15**), vidare via Auklandshamn (**16**) og tilbake til E39 på Rød. Skal du sørover, kan du evt. ta av frå E39 på Haukås og følgja Rv47 til Haugesund, med avstikkar til Sveio sentrum (**18**).
Nordover følgjer du også E39.

## Stader og ymse av interesse:

(**1**) Valevåg fergekai, gammal handelsstad som i si velmaktstid hadde butikk, bakeri, hesteskyss, post og dampskipsekspedisjon. Her er framleis handel.

(**2**) Avstikkar mot Tittelsnes til Einstapevoll gard, freda i 1923. Her er 17 bygningar med helletak og eit unikt anlegg rundt, bygt i 1850 av prestesonen Georg Olsen frå Stord. Privat eige.
Merka turløype til Trollvassnipen.

(**3**) Heimen til komponisten Fartein Valen (1887-1952), i krysset med vegen til Tittelsnes. Valen budde her store delar av livet, mellom anna frå 1939 og til han døydde. Byste i hagen, laga av Ottar Espeland. Omvisingar i skulen sin sommarferie. Konsertar.

(**4**) Koleragravplassen ved Leirvåg sør for Valevåg inspirerte Fartein Valen til hans berømte komposisjon «Kirkegården ved havet». Turløype og badeplass.

(**5**) Valen kapell frå 1709, med gravplassen til Fartein Valen.

(**6**) Hopsfjellet. Verneområde etter brann i juni 1992, som raserte omlag 3000 mål skog og utmark. Legg merke til korleis naturen byggjer opp att etter ein brann! Fint turterreng med merka løype.

(**7**) Førde. Gammal tingstad og prestegard. Bank, lege, fysioterapeut, kyrkje, butikk, spisestad på kaien. Idyllisk gammalt bygningsmiljø ned mot kaien. Førdespollen er ein ynda utferdsstad for båtfolk.
Urtemottak/utsal ved kyrkja. Førde Gard, ved vegen til Erve, er open for besøk torsdagar i sommarsesongen. *Sjå fottur 14B.*

(**8**) Børshovda. Rester av gammal bygdeborg. Lett, merka turløype til toppen.

(**9**) Selsåsvika. Lun, idyllisk vik med offentleg badeplass.

(**10**) Fjon. Lakseelv, campingplass, fiskeoppdrett.

(**11**) Mølstrevåg. Gammal handelsstad der det har vore drive reiarverksemd og sildoljefabrikk. Under det store sildefisket frå 1845 og utover, seiest det at når båtane låg inne i Mølstrevåg kunne ein gå tørrskodd over Vågen. Sjå Tur 14D.

(**12**) Ryvarden kulturfyr. Grunnlagt som fyr i 1849, no automatisert og drive som kultursenter med galleri, kafe, atelier og kunstnarbustad/gjestehus. Eit lite museum fortel om livet til Floke Vilgerdson, som drog over havet for å finna Island.

(**13**) Lyngholmen ligg tett ved skipsleia i Bømlafjorden. Ein av dei få stadene langs leia der skip kunne liggja å venta på god bør eller søkja ly for uver. Kong Magnus 7. Erikson drukna ved Lyngholmen 1. desember 1374.

(**14**) Buavåg. Ferge til Langevåg på Bømlo. Butikk. På Hovda, sør for Buavåg, er det ei gullgruve der det var hektisk aktivitet med driving av gull på midten av 1800-talet. På høgre side av vegen ser ein enno den gamle «gulldemningen», laga for å samla vatn for å skilja gullet frå utgraven grus og stein. Planar om gull- og mineralsenter i tilknyting til dette.

(**15**) Tjernagel. Gammal handelsstad. Gravhaugen Tjernagelhaugen er omtala i «Tøgsdråpa»: «Framfor den gamle haug på Tjernagel segla huskarar kvasst med fred». Utgraven og tatt vekk i samband med utbygging av kortbølgesendar.

(**16**) Auklandshamn. Bygd med rike sjøfarts- og kvalfangsttradisjonar. Butikk, kafe.

(**17**) Slettene, badeplass.

(**18**) Geitalemen, steinalderbustad ved Drongsvågen sør for Førde.

(**19**) Sveio sentrum, kommunesenter.

to Rv47, turn left to Eltravåg and Buavåg (**14**) (From Buavåg there is a ferry to Langevåg on the island of Bømlo). Still on Rv47, continue to a crossroads with a sign to Tjernagel (**15**). Proceed to Auklandshamn (**16**) and back to E39 at Rød.
Going south you may leave E39 at Haukås and take Rv47 to Haugesund with a side trip to Sveio centre (**18**). Take E39 if you are going north (it is your only option, actually).

## Places and points of interest:

1. Ferry terminal at Valevåg, an old commercial village that in its best days featured a general store, bakery, postal service, steam ship service and a posting station. There is still a store there.

2. Side trip to Tittelsnes and Einstapevoll farm, which has been a designated historical site since 1923. The 17 buildings have slate roofs and are surrounded by a unique landscape development. It was built in 1850 by Georg Olsen, the son of the local vicar, and is still privately owned. A clearly marked footpath to Trollvassnipen starts here.

3. The home of the composer Fartein Valen (1887-1952) is located near the crossroads on the road to Tittelsnes. Valen lived here several periods during his life, the last one from 1939 until he died. A bust of him, created by the sculptor Ottar Espeland, can be seen in the garden. Guided tours during school holidays. Concerts.

4. The local graveyard for cholera victims (near Leirvåg just south of Valevåg) inspired Fartein Valen to one of his most famous compositions: ”Cemetery by the Sea”. On a more cheerful note there is also a nice beach for swimming and a marked footpath.

5. Valen Chapel from 1709 with Fartein Valen's grave.

6. Hopsfjellet. The area has been protected since a forest fire swept through in 1992 and devastated 300 ha. with forest and pasture. Notice how nature slowly rebuilds an ecosystem in the wake of a fire. Gentle terrain and a marked trail.

7. Førde is an old settlement where court was held to settle disputes according to ancient Norse law. The hamlet features a bank, a church, medical services, physiotherapy, a shop and a cafe in the harbour. Førdepollen is a popular anchorage for leisure craft. Near the church there is a receiving facility for local herbs where the plants are sorted, cleaned, dried and packaged for further distribution. There is a factory outlet there. Førde farm by the road to Erve receives visitors on Thursdays during the season. *See walk 14A.*

8. Børshovda. Ruins of a local fortress. Gentle, well marked footpath to the top.

9. Selsåsvika. Sheltered, idyllic inlet with a public beach.

10. Fjon: salmon river, camping area, and fish farming.

11. Mølstrevåg. An old commercial village which once had a shipping company and a herring oil factory. The story goes that during the rich herring fisheries from 1845 and later, the boats were so crowded in the harbour that you could walk across the bay dryshod. *See walk 14B.*

12. Ryvarden Lighthouse. A manned lighthouse from 1849, now converted to automatic operation. It is now a cultural facility with an art gallery, cafe, artist's studio, the artist's home and guesthouse. A small museum tells of the viking Floke Vilgerdson who went across the ocean to find Iceland.

13. Lyngholmen is located near the main shipping route in Bømlafjorden and has one of the few safe harbours along this part of the route. Ships gathered here either seeking refuge from inclement weather or waiting for fair wind. The Norwegian king Magnus the 7$^{th}$ Erikson drowned here in 1374.

14. Buavåg. Ferry to Langevåg on Bømlo. Shop. At Hovda, just south of Buvåg is an old goldmine, active around 1850. On the right side you can still see the ”Gold Dam”, constructed to store water for the panning of gold. An exhibition is planned.

15. Tjernagel. Old marketplace. The burial mound Tjernagelhaugen is mentioned in ancient writings, but was excavated and removed to give place for a VHF antenna.

16. Auklandshamn. A hamlet with seafaring and whaling traditions. Shop and cafe.

17. Slettene: public beach

18. Geitalemen. A Stoneage dwelling by Drongsvågen just south of Førde.

19. Sveio centre, the hub of the municipality.


AS Centraltrykkeriet, Bergen